

## Aktuell

## Læra etter Guro

Ingebjørg Lognvik Reinholdt lærde visa om Guro Heddelid då ho var sju år gamal. 25 år seinare har ho gjort ei heil søge om til musikk.

Ingebjørg Lognvik Reinholdt fekk sitt første møte med kveding på kurs hos Ellen Nordstoga, og vart heilt hekta. 20 år etter at ho lærde den mest kjende visa om Guro Heddelid heime på Seljord, viste høgskulelæraren hennar, folkemusikar Øyonn Groven Myhren, henne *Guro Heddelid*, boka med forteljingar på vers og prosastykke av diktar og sambygding Jørund Telnes frå 1880.

– Eg lurte lenge på kva som hende med Guro. Juhani Silvola, Sarah-Jane Summers, Morten Kvam og eg fortalde saga i konsertformat. Så tenkte eg; Søren, eg må lage ei scenisk framvisning òg. Plata er det tredje prosjektet. Vi ville formidle saga som meir moderne musikk som kan treffe folk i dag.

– Kven var Guro Heddelid?

– Ho var ei sabla ettertrakta dame. Visene er sett i tidleg middelalder, rett før svartedauden. Guro var vakker og eigenrådig, og sette fridomen sin høgt. Ho var venesæl; trekte til seg folk, og hadde eineansvaret for den store garden etter foreldra. Dei døydde då ho var ung. Ho har mange friarar, og ho vel rike og sterke Torgeir Uppstad i staden for spelmanen Tore Smylimoen som ho helst vil ha. Ein økonomisk ustabil spelman er eit egoistisk val, og då vel ho samstundes bort ansvaret for alt arbeidsfolket på garden. Uppstad kan forsørgje henne jamvel om han tek livet av ein av friarane. Og Guro får livet ho har sett føre seg. Men pesten sørger for at ho ikkje får leve lukkeleg i alle sine dagar.

– Er ho aktuell i dag?

– Ja. Ho er heilt ulik meg, men ein kan lære mykje av henne. Ein var meir avhengige av kvarandre før, og levde i eit samfunn utan velferdssystem og pensjonsordningar. Ein slik kultur fungerte på godt og vondt som ei trygg ramme. Verda i dag vert stadig meir polarisert, og konservative og ekstreme haldningar aukar. Det er ein skummel tendens. Men i dagens innvandringsdebatt hjelper det å forstå den andre sida. Og eg trur ei slik forteljing kan skape forståing.

– Meiner du at nokre kulturar i verda er på nivå med mellomalderkulturen i saga om Guro?

– Eg påstår ikkje at andre kulturar er slik, eg tenkjer ut frå mine svært utanforståande inntrykk. Men vi har kome langt med alt som heiter likestilling, og det er lett å gøyme at det finst andre måtar å skape den tryggleiken på. Det er tryggleik i fellesskapet, og i eit krigsherja land trur eg ein treng det konservative og den sosiale kontrollen i større grad. Ein finn samholdet i andre system enn vårt velferdssystem. Det ville vere einsamt og unaturleg å berre sleppe den kollektivkjensla. Soga om Guro skildrar fellesskapet på ein annan måte enn ein er van med i dag, gjennom vala og kvalane ho opplever.

– Du held sjølv kurs i kveding. Korleis kvedar ein?

– Det er mykje gehør og herming, så det må ein nesten berre lære. Det er teksten som bestemmer kva klang stemma får, og dei mest populære songane har gjerne mange vokalar. Dei lyder vakrere. Og så vel ein sjølv korleis visa skal arte seg, om ein vil auke tempoet i takt med dramatikken i teksten. Eg har ønskt å gjere tekstane meir tilgjengelege på plata, og måtte ofre nokre fargerike gamle ord. Men eg har fått lov av oldebarnet til Jørund Telnes. Setningar som «Gav dei snautt på presten gaum» vart til «drukna presteord i draum». Og vi ville at plata skulle ha eit mest mogleg likt lydbylde som ei framvisning slik ho er i røynda. Vi fekk låne Flatdal kyrkje, sette opp mikrofonar, lurte inn litt kyrkjeorgel i ei av låtane, og spelte inn plata på tre intense dagar.

mone@dagogtid.no



Guro Heddelid var ei mellomaldersk *femme fatale*, skal ein tru Ingebjørg Lognvik Reinholdt. Foto: Ingvil Skeie Jones

# Dauden i Tbilisi

**Kvinnemuseet i Kongsvinger feirar forfattaren, pianisten og kulturarbeidaren Dagny Juels 150-årsjubileum med ei ny permanentutstilling og urframføring av eit tingingsverk.**

## JUBILEUM

SJUR HAGA BRINGELAND  
sjur@dagogtid.no

I juni 1901 meska internasjonale aviser seg med skildringa av eit makabert mord i Tbilisi, hovudstaden i Georgia: Ein 34 år gamal forfattar var funnen død i eit hotellrom, skoten medan ho sat i ein stol. Kvinna var Dagny Juel frå Kongsvinger – ei berykta *femme fatale* frå Berlins bohemmiljø som i åra føreåt hadde gjort skandale med noveller og skodespel om sanslege kvinner. Kva var hendt?

## OPERAKABARET

Det er i år 150 år sidan Juel kom til verda, noko Kvinnemuseet i Kongsvinger markerer med ny utstilling og nyskriven operakabaret, som hadde urpremiere på museet 16. september. Komponist og regissør er Henning Sommerro, og i rolla som Juel har han fått med seg sopranen Tora Augestad, akkompagnert av mellom andre Håvard Gimse på klaver.

Forfattaren er i dag meir kjend for måten ho døydde på enn for verket ho etterlét seg. Kven er det eigentleg dei feirar i Kongsvinger i år?

– Juel var pianist og forfattar som blei ein sentral skikkelse i seinbohemrørsla, særleg i Berlin, Warszawa og Kraków, der ho blei meir namngjeten enn her heime. Som kulturarbeidar introduserte



Kvinnemuseet held hus i Dagny Juels barnbomsheim i Kongsvinger. Foto: Kvinnemuseet

ho norske kunstnarar til kontinentet; ho var den fyrste som omsette Sigbjørn Obstfelder til tysk og fekk i stand utstillingar for Edvard Munch, fortel Mona Pedersen, som mellom anna er ansvarleg for Kvinnemuseet, som held hus i Juels barnbomsheim i Kongsvinger.

## BORGARLEG BAKGRUNN

Som bohemar flest voks Juel opp i ein pen, borgarleg familie. Faren arbeidde som distriktslege, og mora var syster til den seinare Venstre-statsministeren Otto Blehr. Trass i borgarlege verdier var heimen liberal; døtrene

blei oppmoda om å ta utdanning, å søka seg ut og realisera seg sjølve gjennom kunst og kultur. Etter to år på pensjonatskule i Erfurt, hovudstaden i det som i dag er den tyske delstaten Thüringen, tok ho fatt på klaverstudiar, fyrst i Kristiania, så i 1892 i Berlin. Her blei ho del av bohemkrinsen som treftest i den legendariske stambula Zum schwarzen Ferkel – «den svarte grisungen» – der særleg polske og skandinaviske kunstnarar vanka, mellom dei Obstfelder og Munch.

## UTFORDRANDE

Men det var ikkje som pianist

## Herad blir det nye namnet

Voss og Granvin kommune slår seg i hop. Men dei blir ikkje kommune, dei blir herad.

## KOMMUNENAMN

RONNY SPAANS  
ronny@dagogtid.no

Norske kommunar slår seg saman, den eine etter den andre, somme ufriviljug, andre friviljug. To kommunar som har funne kvarandre, er Voss og Granvin i Hordaland. Den 1. januar 2020 blir sameininga eit faktum.

På eit felles kommunestyremøte i august vart ei samrøystes innstilling lagd på bordet. Punkt éin i innstillinga gjeld namnet på den nye kommunen: Voss herad. Kring bordet var det stor semje om namnet, ordførar i Granvin, Ingebjørg Winjum, tykte namnet har ein god klang, og streka

under at framlegget ikkje kom frå Granvin, som jo heitte herad frå før.

Kvifor herad? Det lèt umiskjenneleg nynorsk, men ein



Vangskyrkja er like gamal som ordet herad. Foto: Bjarte Sørensen / Wikipedia

dansk variant av ordet har òg vore nytta i Noreg, av bokmålskommunar. Tidlegare var heradskommune – bokmål *herredskommune* – nemninga på ein landskommune, til skilnad frå ein bykommune.

Det norrøne herad er er ei samansetjing basert på «hær», altså «væpna folk», og hadde ulike tydingar, mellom anna «bygd». Føraren av ein herad var kalla «herse». Kanskje nytt namn på ordføraren i Voss herad?

Neppe, men vonleg vil fleire fylgje Voss og Granvins døme. Det finst alt kommunar som har valt å halde på herad i reaksjon mot det eingong så nymotens latinske *communis*: Kvam, Ullensvang og Ulvik herad.